



Jorunn Gunvor Nøttveit
Romarheim 62 A
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1075 - 21/7593

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
02.02.2021

Adresseendring Romarheim 62

Administrativt vedtak: Saknr: 159/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefordeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
217/22	H0101 (B)	Romarheim 62A	Romarheim 62
217/22	H0102 (B)	Romarheim 62B	Ingen

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med din søknad om samanslåing av 2 brukseining i bustadhuset ditt, vert det behov for adresseendring.

Bueininga med adressa Romarheim 62B vil gå ut og det same gjeld adressa. Då må også beståande bueininga skifta adresse frå Romarheim 62A til Romarheim 62.

Vurdering


Adresseendringa er førehandsvarsla i brev/ e-post 02.02.21 og de har medt til bake ved e-post 03.01.21 at de ikkje har merknader til adresseendringa.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressefordeling, og adresseendring vert difor utført. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Romarheim.

Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1075

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jorunn Gunvor Nøttveit

Romarheim 62 A

5994 VIKANES